



Rauma kommune

Åfarnes barnehage

Årsplan 2021-2022



“Vi ønsker å få fram det beste i oss alle”

Adresse: Åfarnes barnehage, Myraveien 2 6360 Åfarnes

Mail: aafarnes.barnehage@rauma.kommune.no

Telefon: 948 80 493



Innholdsliste:

- Forord
- 1. Om Åfarnes barnehage
 - 1.1. Presentasjon
 - 1.2 Personalet i barnehagen
 - 1.3. Planleggingsdagar og feriestenging
 - 1.4 Dagsrytme
- 2. Formålet med- og innholdet i barnehagen
 - 2.1. Omsorg
 - 2.2. Leik
 - 2.3. Danning
 - 2.4. Læring
 - 2.5 Vennskap
 - 2.6 Kommunikasjon og språk
- 3. Medverknad
- 4. Samarbeid mellom heimen og barnehagen
- 5. Overgangar
- 6. Barnehagen som pedagogisk verksemd
 - 6.1 planlegging
 - 6.2 Årsplana
 - 6.3 Vurdering
 - 6.4. Dokumentasjon
 - 6.5 Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbodet for barn som treng ekstra støtte
- 7. Arbeidsmåttane til barnehagen
 - 7.1. Progresjon
 - 7.2 Korleis jobbar barnehagen med dei sju fagområda
 - 7.3 Progresjonsplan for dei sju fagområda (7.3.1 - 7.3.7)
 - 7.4 Den digitale praksisen

FORORD

Årsplana for barnehagen bygger på “*Rammeplan for barnehagen sitt innhald og oppgåver*”, som er ei forskrift til *Lov om barnehagar*. Rammeplana var sist revidert i 2017. Målet med rammeplanen er å gi styrar, pedagogiske leiarar og personalet elles ei forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdere verksemda til barnehagen. Rammeplanen gjer greie for samfunnsmandatet til barnehagen, og innhaldet skal synleggjerast i årsplan til barnehagane.

Alle barnehagar er pålagt å skrive årsplan, og den skal presentere barnehagen på ein slik måte at det tydeleg kjem fram korleis personalet arbeider med alle områda i rammeplanen. Årsplanen er bygd opp slik:

Framstilling av korleis vi skal, bør og ønskjer å ha det.

Framstilling av korleis vi vil gjennomføre dette i praksis her hos oss.

Alle som arbeider i barnehagen er pålagt teieplikt og må skrive under på eit teiepliktsløfte i høve til informasjon om barna, føresette og personalet. Vidare må alle som arbeider i barnehage leggje fram politiattest før dei startar. Attesten skal vise om vedkommande er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep.

Barnehage og skule har frå 2011 endra formål som er meir i samsvar med kvarandre. Den nye formålsparagrafen tek omsyn til vår kulturelle tradisjon og mangfald og uttrykkjer felles verdiar slik desse kjem til uttrykk i kristen og humanistisk tradisjon, ulike religionar og livssyn. Dette er forankra i menneskerettskonvensjonane. Det nye formålet slår fast at barnehagen skal vidareføre eit heilskapleg læringsyn der omsorg og leik, læring og danning skal være grunnlag for allsidige utvikling til barna. Med denne formålsparagrafen har barnehagen sitt samfunnsmandat blitt meir omfattande og tydeleg og det blir stilt høge krav til barnehagepersonalet som skal praktisere desse verdiane i dagleg samspel med barna og i samarbeid med foreldra.

01.01.21 kom eit nytt kapittel i barnehagelova om Psykososialt barnehagemiljø: Nulltoleranse og forebyggjande arbeid mot mobbing, og plikt til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø.

Barnehagane i Rauma kommune skal arbeide for å vere **helsefremmande**.

Rauma kommune sin visjon er: **Verdens beste kommune for naturglade menneske!**

Rauma kommune sine kjerneverdier **Samarbeidsvillig – Ekte – Raus** skal prege barnehagane våre.

Årsplan med progresjonsplan skal utarbeidast på grunnlag av barnehagelova, rammeplan for barnehagar, kommunale styringsdokument, brukarundersøkingar og evaluering av førre årsplan.

1 Styringsdokument:

- Lov om barnehagar. [Barnehageloven](#)
- Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver. [Rammeplanen](#)
- Rauma kommune sitt budsjett og økonomiplan.
- Rauma kommune si plan for overgangar mellom barnehage og barnehage, og frå barnehage til skule. [Overgangar](#)
- Barnehagen sine vedtekter. [Vedtekter](#)
- SOL (Saman Om Lesing)

Fagleg ansvarleg for årsplanen: styrar Bodil Lybergsvik

Årsplana vart fastsett i barnehagens samarbeidsutval den 28.09.21

1. OM ÅFARNES BARNEHAGE

1.1 Presentasjon

Åfarnes barnehage er ein kommunal heildagsbarnehage, med barn i alderen 1 til 6 år.

Barnehagen har 1-2 avdelingar. Vi har eit utvida samarbeid mellom avdelingane, der vi tilpassar samarbeid etter barnetalet. Vi er ein del i lag heile barnehagen, og deler opp i mindre grupper etter behov.

Barnehagen ligg tett ved Åfarnes skule. Og vi har kort veg til fotballbane, løpebane og gapahuk. Uteområdet er variert, med ulike leikeapparat og med naturleg kuppert terreng. På leikeplassen på framsida av bygget har vi klatrestativ, huster, sandkasser, vippe, sykkelbane og leikehus. På oversida er det naturleg kupert terreng med gras på bakken. Der har vi leikehus, sandkasse, båt, åkerkasser, og bord og benkar. Vi har skogen som næraste nabo, og rik tilgang på allsidige turmål både i skog og fjøre, og elles i nærmiljøet.

Barnehagen har vore i drift sidan 1992.

Hausten 2021 er vi til saman 17 barn i barnehagen. Barnegruppa er fordelt på heiltids og deltidsplassar. Det er eit hovudopptak i året.

Brukartilbodet i barnehagen er 9 timar kvar dag i 3-5 dagar pr. veke. Reglar for bruk av barnehageplass er beskrive i ”Vedtekter for barnehagane i Rauma”, kommunestyresak /14.

Opningstida i barnehagen er:

Måndag - fredag kl. 07.15 – 16.30.

Kjernetida i barnehagen er mellom 09.15 og 14.00. Planlagde aktivitetar skjer i kjernetida. Foreldre må gje beskjed dersom levering/henting skjer i kjernetida, eller at barnet ikkje kjem.

Våre mål i barnehagen:

- Barnehagen skal ivareta barna sine behov for leik
- Barna skal utvikle sosial kompetanse, vennskap og fellesskap
- Barna skal føle seg trygge i barnehagen og bli vist omsorg og kjærleik.
- Barna skal bli sett som enkeltindivid, men også som gruppe.
- Barna skal få utfordringar tilpassa alder og utvikling.
- Barna skal bli glad i naturen og ha respekt for den.
- Barn og vaksne skal bli glade i å være ute.
- Barn og vaksne skal få gode fellesopplevingar.
- Barna skal få nye kunnskapar og lære nye ferdigheiter.

- Barna skal bli verna mot å bli mobba, lære å vere snille mot kvarandre og medmenneska dei har omkring seg.

1.2 Personalet ved barnehagen:

Bodil Lybergsvik	Styrar
Liv Anne Helle	Pedagogisk leiar i vikariat
Hanne Sagen	Pedagogisk leiar
Anja-Lisa Meier Wood	Pedagogisk leiar
Gunhild Flovik	Fagarbeidar
Åse Bjorli Dahle	Fagarbeidar
Sigrid Sande	Assistent

Barnehagesjef i Rauma Kommune: Hilde Kavli Ree

1.3 Planleggingsdagar og feriestenging:

I løpet av barnehageåret har barnehagen 5 planleggingsdagar. Desse dagane er barnehagen stengt. Planleggingsdagar 2021/2022 er: måndag 09.08.21, måndag 11.10.21, måndag 03.01.22, fredag 27.05.21. Den siste dagen er enno ikkje fastsett (info blir utsendt til heimane når den datoen er klar).

Ferie 2022: Barnehagen er stengt tre veker om sommaren, og i jula. Det vil være sommarbarnehage, med redusert drift, to veker før og to veker etter dei vekene det er stengt. Veke 28,29 og 30 er barnehagen feriestengt. Nytt barnehageår startar 1. august.

1.4 Dagsrytme:

Kl. 07.15	Barnehagen opnar
Kl. 08.00-80.30	Frukost
Ca kl. 08.30-	Dei største går ned. Fri leik inne
Kl. 09.15	Samlingsstund
Kl. 09.30-	Uteleik/tur/frileik/Vaksenstyrt aktivitet inne eller ute
Kl. ca.11.00	Lunch: Smøremåltid/varm mat, eller nistemat
Kl. 11.30-	Soving/kviling
Kl. ca.11.30/12	Frileik ute
Kl. 14.00	Ettermiddagsmat.
Kl. 14.30-	Rolig aktivitet, Frileik inne/ute
Kl. 16.30	Barnehagen stengjer

2 FORMÅLET MED- OG INNHALDET I BARNEHAGEN

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. Ein skal sjå arbeid med omsorg, danning, leik og læring i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna.

Vi vil i år ha ekstra fokus på å skape og oppretthalde eit **Positivt psykososialt barnehagemiljø** med forebyggande arbeid og nulltoleranse for mobbing.

2.1 Omsorg

Barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg. Barnehagepersonalet har ei yrkesetisk plikt til å handle omsorgsfullt overfor alle barn i barnehagen. Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. Barnehagen skal gi barna høve til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. I barnehagen skal alle barna oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt legge til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som og verdset omsorgshandlingane til barna.

Slik gjer vi det:

Personalet må arbeide med å bygge gode relasjonar til kvart enkelt barn, og hjelpe barna til å bygge gode relasjonar seg i mellom. Sørge for at alle barn trivst, føler seg trygge og føler tilhøyrsløse i barnehagen. Barnas trivsel er dei vaksne sitt ansvar!

Møte alle barn på ein open, varm og interessert måte og vise omsorg for kvart enkelt barn.

Dei vaksne må vere trygge, støttande og ha barneperspektivet. Viktig at vaksne er gode førebilete og viser barna korleis dei kan vere mot kvarandre. Vere høfleg, vise positive haldningar og legge til rette for ein stabil kvardag.

Støtte og oppmuntre barna til å vise omsorg for andre og til sjølve å kunne ta imot omsorg.

Dele gode erfaringar med kvarandre som inspirerer og løfter fram positive haldningar overfor det enkelte barn.

Deling i mindre grupper, gjer det lettare å sjå, og vise omsorg for det enkelte barnet.

Dekkje barnas behov for fysisk omsorg, inkludert behovet for ro og kvile.

2.2. Leik

Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, venskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typer leik både ute og inne. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning, og engasjement gjennom leik – åleine og saman med andre.

Slik gjer vi det:

Fri leik både inne og ute. Gruppedeling, både etter alder og på tvers av alder. Vaksne skal støtte barna og delta aktivt for å holde leiken i gang, inkludere andre barn og utvide leiken.

Gje rom for barna sin eigen leikekultur.

Organisere rom, tid og leikemateriale for å inspirere til ulike typar leik.

Gje barna felles erfaringar som grunnlag for leik og legge til rette for utvikling av leiketema.

Rettleie barna dersom leiken medfører uheldige samspeismønster.

Vaksne kan ta initiativ til leik og aktivt bidra til at alle kjem inn i leiken, men vere bevisst og vurdere si eiga rolle og deltaking i leiken.

2.3. Danning

Danning er meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppseding og meir enn sosialisering. Samstundes rommar danning alt dette. Barn må få utfordringar, sjansen til å utvikle kunnskapar og ferdigheiter og støtte for å handle omsorgsfullt og gjere etisk grunngeve val. Gjennom danning legg ein grunnlaget for allsidige utvikling. Danning er ein livslang prosess.

I barnehagen skal barna få delta i avgjerdsprosessar og vere med på å utvikle felles innhald. Gjennom samspel, dialog, leik og utforsking skal barnehagen vere med og sørge for at barna utviklar kritisk tenking, etisk vurderingsevne, evne til å yte motstand og handlingskompetanse, slik at dei kan bidra til endringar. Barnehagen skal gi barn trua på seg sjølv og andre. Omsynet til kvarandre og gjensidige samhandlingsprosessar i leik og læring er ein føresetnad for barnas danning.

Slik gjer vi det:

Legge til rette for meistringsopplevingar for den enkelte og gruppa, støtte den positive sjølvforståinga til barna.

Ta barna med på demokratiske prosessar, når avgjerder skal takast i fellesskap. Støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskapet.

Synleggjere og framheve mangfald og ulikskapar som grunnlag for opplevingar, utforsking og læring.

Legge til rette for, og stimulere utvikling av sosial kompetanse.

2.4. Læring

I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og mestre. Nysgjerrigheit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide

perspektiv og få ny innsikt. Barna skal få bruke heile kroppen og alle sansar i læringsprosessane sine. Barnehagen skal bidra til læringsfellesskap der barna skal få bidra til eiga og andre si læring.

Slik gjer vi det:

Frileik der barna får tid til å eksperimentere, undre seg og utforske på eiga hand. Det er viktig at dei vaksne tek barna sitt perspektiv og er lydhøyre.

Vaksenstyrte aktivitetar og leik som er forankra i dei ulike fagområda.

Dele barna inn i mindre grupper og legge til rette for tilpassa aktivitetar etter barna sin alder, utvikling og meistringsnivå. Utvide kunnskapar gjennom aktivitetar og utforsking knytt til barnas interesser.

Utvide barnas kunnskap gjennom her-og-no-situasjonar, og gjennom faste rutinar og kvardagsaktivitetar.

Gje barna fellesopplevingar som legg grunnlag for utforsking og læring

2.5 Vennskap og fellesskap

Sosial kompetanse er ein føresetnad for å fungere godt saman med andre. I barnehagen skal alle barn kunne erfare å vere viktige for fellesskapet og vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. Sjølvkjensla til barna skal støttast, samtidig som barna får hjelp til å meistre balansen mellom eigne behov og ta omsyn til andre sine behov.

Barnehagen skal sørge for at alle barn har det trygt og godt. Barnehagen skal jobbe for å forebygge mobbing, og skape eit godt miljø der barna trives. Alle som jobbar i barnehagen må hjelpe barna til å ta vare på kvarandre, og dei har plikt til å følgje med på korleis alle barna har det, og gripe inn dersom barn blir utsatt for krenkingar.

Slik gjer vi det:

Gje positiv tilbakemelding når barna gjer positive handlingar og framsteg. Støtte og hjelpe barna der dei gjev uttrykk for at dei treng ein vaksen. Tilby hjelp når ein ser at noko i samspelet mellom barna blir vanskeleg for eit barn.

Bekreft og sjå det enkelte barns handlingar.

Forebygge mobbing og krenking. Legge til rette for, og støtte opp under samspel og samhandling som fremmar sosial kompetanse – både mellom barn, og mellom barn og vaksne. Følgje med på korleis alle barn har det. Gripe inn straks, og sette inn tiltak dersom barn blir krenka på noko vis. Varsle styrar dersom eit barn blir utsett for krenkingar.

Rettleie, og gje gode alternativ til handling, når uheldige handlingsmønster oppstår. Øve på godt samspel i mindre grupper.

Til dette arbeidet brukar vi ulike verktøy m.a: *Venner, Det er mitt val, Det psykologiske 1.hjelps skrinet: Grøne tankar -glade barn, og Snart førsteklassing –med sosial kompetanse i ranselen.*

God relasjon mellom vaksne og barn er viktig

2.6 Kommunikasjon og språk

Barnehagen skal vere bevisst på at kommunikasjon og språk påverkar og blir påverka av alle sider ved barnet si utvikling. Alle barn skal få god språkstimulering gjennom barnehagekvardagen, og få delta i aktivitetar som fremjar kommunikasjon og heilskapleg språkutvikling.

Slik gjer vi det:

Vi har ulike former for kommunikasjon. Dei vaksne anerkjenner og responderer på dei ulike verbale og nonverbale uttrykka til barna, og støttar språkutviklinga på det nivået barnet er.

Involvere alle barn i samspel og samtalar. Legge vekt på å ha ein positiv omgangstone.

Bruke ulike reiskap for å stimulere språkutvikling og kommunikasjon. T. d. Språkleikar, snakkepakken, ulike spel, lese bøker, bruke konkretar og bilete.

Samtaler og forteljing, Rim og regler.

Følgje med på kommunikasjon og språkutviklinga til barnet, for å fange opp og gje ekstra støtte til barn som har ulike former for språkvanskar. Samarbeid med t.d. Ppt.

3 MEDVERKNAD

Barn sin rett til ytringsfridom skal ivaretakast. Både kroppsleg og språkleg gir barn uttrykk for korleis dei har det. Retten barn har til ytringsfridom, skal vernast, og medverknaden må integrerast i arbeidet med innhaldsområda til barnehagen. Å ta barns medverknad på alvor føreset god kommunikasjon mellom barna og personalet og mellom personalet og foreldra. Barn sin rett til medverknad krev tid og rom for å lytte og samtale. Den pedagogiske verksemda må organisere og planlegge slik at det blir tid og rom for medverknad. Slik kan barn bli motiverte til å påverke sin eigen kvardag i barnehagen. Barn må erfare tydelege og ansvarsfulle vaksne som tar omsyn til heile gruppa.

Slik gjer vi det:

Vi skal la barna få ytre sine meiningar, bli høyrte og bli tekne på alvor. La barna gjere ting på sin måte utifrå eigne føresetnader. Deling i mindre grupper gjev større rom for barna sin medverknad. Frileiken inneheld val av aktivitet. Ta med barna sine interesser og ønsker i planlegging av aktivitetar knytt til ulike tema.

Barna får val innafor aktiviteten.

Gje rom for gode samtalar der barna får anledning til å ytre seg. Dei vaksne må være interessert og lyttande.

Vi legg vekt på at barn skal få tid og rom til å klare sjølv.

4 SAMARBEID MELLOM HEIMEN OG BARNEHAGEN

4. SAMARBEID MELLOM HEIMEN OG BARNEHAGEN

Foreldre og personalet i barnehagen har felles ansvar for at barna trivst og utviklar seg. Samarbeidet mellom heim og barnehage må byggje på gjensidig openheit og tillit. Både foreldre og personale må forhalde seg til at barnehagen har eit samfunnsmandat og verdigrunnlag som det er personale si oppgåve å forvalte.

Slik gjer vi det:

Daglig kontakt og moglegheit for informasjon og tilbakemeldingar ved levering og henting.

Personalet skal være open og interessert i dialog med foreldre/føresette.

Foreldresamtaler 1-2 gonger pr. år. Utover dette kan både foreldra og barnehagen be om samtale ved behov/ønske.

Foreldremøter 2 gonger pr. år.

Brukarundersøking – personalet får ein peikepinn på kva barnehagen er god på og kva vi må jobbe meir med.

BARNEHAGEN SINE FORVENTNINGAR TIL ALLE FORELDRE:

- At barnet har hensiktsmessig klede og skoty og skift i barnehagen.
- Sei frå om barnet ikkje kjem i barnehagen, vert henta av andre eller kjem seinare enn vanleg.
- At barnehagens opningstid blir overhalde
- At barn som er sjuke skal haldast heime til dei er friske. Dei må kunne vere ute og kunne delta i ein aktiv barnehagekvardag.
- At personalet blir informert om hendingar i familien eller andre opplevingar som er av betydning for barnet.
- At de tek kontakt med personalet om det er noko de er misnøgde med, då har barnehagen mogelegheit til å forandre og utvikle seg.
- At planer og oppslag blir lest

5. OVERGANGAR

5. OVERGANGAR

Når barnet begynner i barnehagen skal barnehagen i samarbeid med foreldra legge til rette for at barnet får ein trygg og god oppstart i barnehagen. Ved overgangar i barnehagen skal barnehagen gje barna tid og rom til å bli kjende i ny avdeling / gruppe. Ved overgang frå barnehage til skule skal

barnehagen i samarbeid med foreldra og skulen, legge til rette for at barnet skal få ein trygg og god overgang til skulen. Legge til rette for eit heilskapleg opplæringsløp som ivaretek det enkelte barn sitt behov for tryggleik og kontinuitet. Barnehagen og skulen bør utveksle kunnskap og informasjon som utgangspunkt for samarbeid. For å dele opplysningar om enkeltbarn med skulen, må barnehagen ha samtykke frå foreldra.

Slik gjer vi det:

Vi jobbar etter plan for overgangar for Rauma kommune.

Tilvenningsperiode **når barnet begynner i barnehagen**, med besøksdag før oppstart. Mjuk start og lang nok tilvenningstid, tilpassa det enkelte barnet.

Ved **overgang mellom avdelingane i barnehagen**: Vi arbeider med tilvenning i førekant: besøker den andre avdelinga og har felles aktivitetar.

Ved **overgang til / frå annan barnehage**. Kontakt med den andre barnehagen i samarbeid med foreldre.

Ved overgang til skulen:

Førskulegruppa har besøksdagar til, og frå, andre barnehagar som høyrer til same skulekrins. Vi blir betre kjent med skuleområdet og skulen. Blir kjent med kommande klassekameratar, nye vaksne, fadderklassen og kontaktlærar.

Samarbeid med ulike klasser/lærarar sidan vi er så nær skulen. Vi "lånar" skulen sitt uteområde, gymsal, og ballbinge.

Besøksdag på skulen i juni der kontaktlærar har regien.

Overgangssamtalar med foreldre og kontaktlærar.

Førskuleklubb med skulerelaterte aktivitetar; eiga bok, skulebesøk, leik på skuleplassen, fadderordning og samarbeid med kommande lærar.

Sommaravslutning for å markere barnehageslutt.

6. BARNEHAGEN SOM PEDAGOGISK VERKSEMD

6.1 Planlegging

Planlegging gir grunnlag for å tenkje og handle langsiktig og systematisk i det pedagogiske arbeidet. Det bidreg til kontinuitet og progresjon for barnegruppa og for enkeltbarn. Planene er eit arbeidsreiskap og eit grunnlag for refleksjon og utvikling av verksemda. Målet med barnehagen som pedagogisk verksemd er å gje eit tilrettelagt tilbod i tråd med barnehagelova og rammeplana. Barnehagen utarbeider ei lokal periodeplan som sikrar at alle fagområder blir ivaretekne gjennom året.

6.2 Årsplana

Årsplana byggjer på Rammeplan for barnehagar. Meir detaljerte mål vert presentert under fagområda. lenger bak i årsplana. Barnehagen har periodeplan, med tema og fagområder fordelt utover året. Avdelingane har månadsplan som byggjer på periodeplan, årsplan, og Rammeplan. Periodiske mål og delmål blir presentert i månadsplaner. Årsplana er ein arbeidsreiskap for barnehagepersonalet og informasjon til eigar, myndigheit og samarbeidspartar.

6.3. Vurdering

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Formålet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. Arbeidet til barnehagen skal vurderast, det vil seie beskrivast, analyserast og tolkast ut frå kriterium i barnehagelova og rammeplanen.

Vurderingsarbeidet skal bygge på refleksjonar som heile personalgruppa er involvert i. Det gjev personalet grunnlag for vidare planlegging og gjennomføring, og bidreg til å utvikle barnehagen som pedagogisk verksemd. Kunnskap om trivselen og den allsidige utviklinga i barnegruppa og hos enkeltbarn er viktig for å gje alle barn eit tilrettelagt tilbod i tråd med rammeplan og barnehagelova. Erfaringane og synspunkta til barnet skal inngå i vurderingsarbeidet.

Slik gjer vi det:

Vi bruker avdelingsmøter, ped.leiarmøter og personalmøter til å vurdere, reflektere over og eventuelt justere praksis.

Vurdere eigen praksis opp mot felles mål, barnehagen sin visjon, styringsdokument og årsplan.

Vurdering av barna sine behov, utvikling og mestringsnivå med utgangspunkt i generell utviklingspsykologi. Vi bruker ulike observasjonsmateriale og refleksjonsgrupper.

Intervju og samtaler med barna.

Personalet må være lojale, jobbe mot dei mål vi har satt oss og ha evne til å justere desse for at kvaliteten skal bli best mogleg.

Vurdere kvaliteten i barnehagen gjennom brukarundersøking, kommunale tilsyn og foreldremedverknad.

6.4. Dokumentasjon

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. Dokumentasjon av det pedagogiske arbeidet kan gi foreldre, lokalmiljø, og kommunen som barnehagemyndigheit informasjon om kva barn opplever, lærer og gjer i barnehagen. Barn har rett til vern om sin personlege integritet. Eit etisk perspektiv skal derfor ligg til grunn ved dokumentasjon av barnegruppa og enkeltbarn. Foreldre har rett til å få sjå dokumentasjon om eige barn, og til å få sletta eller korrigert opplysningar som er feil eller misvisande.

Slik gjer vi det:

Vi brukar appen "Visma Min barnehage" til dagleg kontakt med foreldra .Med m.a:

- Registrering av oppmøte

- Soveliste for dei minste
- Dagbokfunksjon, der det blir gitt kort notat med tekst og bilete frå kvardagen til barna.

Oppslag med bilete og liknande, utstillingar av prosjekt/formingsrelaterte aktivitetar som viser kva vi arbeider med.

Månadsplan

Planer, evalueringar og referat frå ulike møter i barnehagen.

6.5 Tilrettelegging av det allmennpedagogiske tilbudet for barn som treng ekstra støtte

Barnehagen skal sørge for at barn som treng ekstra støtte, tidleg får den sosiale, pedagogiske og /eller fysiske tilrettelegginga som er nødvendig for å gi barnet eit inkluderande og likeverdig tilbod. Tilrettelegginga skal vurderast undervegs og justerast i tråd med behova til barnet.

Tidleg innsats

Tett samarbeid med foreldre / føresette

Samarbeid med eksterne instansar som Pedagogisk psykologisk teneste, helsestasjon, BUP, barneverntjenesten, logoped, fysioterapeut ..etc

Samarbeid med Ppt: observasjon og rettleiing til personalet gjennom ordninga «ppt tettare på». Tverrfaglege samarbeidsmøter. Tilvising til ppt.

Barn som får spesialpedagogisk hjelp skal inkluderast i barnegruppa og det allmennpedagogiske tilbudet.

7 ARBEIDSMÅTANE TIL BARNEHAGEN

Personalet skal ta i bruk varierte arbeidsmåtar, og arbeidsmåtane skal tilpassast enkeltbarn, barnegruppa og lokalmiljøet. Arbeidsmåtane skal bidra til å skape engasjement, interesse og motivasjon og gi rom for å tilføre nye erfaringar og opplevingar i barnehagen. Personalet skal veksle mellom spontane og planlagde aktivitetar. Vi skal arbeide tverrfagleg og heilskapleg og sjå dei ulike delane i rammeplanen i samheng. Og jamnleg vurdere om val av arbeidsmåtar bidreg til å realisere rammeplanen.

7.1 Progresjon

Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet og barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper får varierte høve til lek, aktivitetar og læring. Barnehagen skal legge til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, arbeidsmåtar, leiker, materiale og utforming av fysisk miljø.

Uder pkt. 8.1- 8.7 fagområder, er det laga ei grovkisse med progresjon i høve til aldersgrupper innafor kvart fagområde.

Slik gjer vi det:

Legg til rette for meistringsopplevingar, samstundes som barna har noko å strekkje seg etter.

Legg til rette for fordjupning, attkjenning og gjentaking av innhaldet og arbeidsmåtane i barnehagen.

Legge til rette for nye erfaringar og opplevingar.

Ein bevisst bruk av materiale, bøker, leiker, verktøy og utstyr.

Tilpassa aktivitetar i aldersinndelte klubbar.

7.2 Korleis jobbar barnehagen med ei sju fagområda

Rammeplana inneheld sju fagområder, som speglar område som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder. Fagområda skal sjåast i samanheng, og alle fagområda skal vere ein gjennomgåande del av innhaldet i barnehagen. Rammeplanen legg til grunn at det skal utarbeidast ein progresjonsplan som syner korleis det blir arbeidd med innhald og oppgåver knytt til dei sju fagområda.

Det er viktig å peike på at progresjon er ein prosess – resultat blir ikkje målt. Det er store individuelle forskjellar på når barn når milepælar og når dei er klare for ny læring. Arbeidet vårt vil, så langt det er mogeleg, bli tilpassa det enkelte barn. Progresjonen skal følge barnet.

Slik gjer vi det:

Fagområda blir knytt opp mot tema, årstider, tradisjonar, høgtider.

Barnehagen utarbeider ei periodeplan, der vi kvalitetssikrar ekstra fokus på alle fagområda gjennom året. Avdelingane har månadsplaner som er meir detaljerte.

For 1-3 åringane dreg vi fagområda mykje inn i kvardagsrutiner, men og ulike aktivitetar og tema gjennom året.

Barnehagen vel eit tema som går att gjennom halvåret / året, og er gjennomgåande i periodeplanen. Her dreg vi inn dei ulike fagområda. I tillegg dreg vi fagområda inn i årlege tradisjonar og tema som høgtider, årstider og kvardagsaktiviteter.

Vi vil arbeide ekstra for å ivareta eit godt og positivt psykososialt barnehagemiljø. Barnehagen sin verson «Vi ønskjer å få fram det beste i oss alle», vil ha eit gjennomgåande fokus i arbeidet med å utvikle godt samspel og sosial kompetanse.

7.3 Progresjonsplan for dei sju fagområda

7.3.1 Kommunikasjon, språk og tekst

Barnehagen skal bidra til at barna får utforske og utvikle språkforståinga, språkkompetansen og eit mangfald av kommunikasjonsformer. Å utvikle språket, både verbalt og non-verbalt, er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk, uttrykkje kjensler, tankar og meiningar. Kommunikasjon er avgjerande for den intellektuelle, emosjonelle og sosiale utviklinga.

1-2 år Ha erfaring med:	3-4 år Ha erfaring med:	5-6 år Ha erfaring med:
<p>Gruppetilhøyrse.</p> <p>Eit godt og variertariert språkmiljø</p> <p>Bruk av konkretar.</p> <p>Bøker; bli lest for, rim, regler, song, bilete...</p> <p>Bruke ulike uttrykksformer i kommunikasjon, både verbale og nonverbale</p> <p>Lytte til- fabulere og leike med språk, lyd, rim og rytme</p> <p>Dele og samhandle</p> <p>Være merksam på kroppsspråk.</p>	<p>Gruppetilhøyrse.</p> <p>Eit godt og variert språkmiljø</p> <p>Bruk av konkretar.</p> <p>Bøker; bli lest for, rim, regler, song, bilete...</p> <p>Samtale – undre seg/filosofere.</p> <p>Lytte til lyd og rytme i språket.</p> <p>Dele, samhandle og samarbeide</p> <p>Bruk av ordbilde og synliggjerung av tekst på avdeling.</p> <p>Rolleleik</p> <p>Språkleikar, språksprell</p>	<p>Gruppetilhøyrse.</p> <p>Eit godt og variert språkmiljø</p> <p>Bruk av konkretar.</p> <p>Bøker; bli lest for, rim, regler, song, bilete....</p> <p>Bruke aktivitetshefte: Trampoline</p> <p>Sol (saman om lesing) : aktiv bruk av sol, som arbeidsreiskap, på gruppedeling og i samling</p> <p>Lage eigne tekstar saman med ein vaksen.</p> <p>Fabulere og leikeskrive.</p> <p>Samtale – undre seg/filosofere.</p> <p>Bruk av ordbilde og synliggjerung av tekst på avdeling.</p> <p>Rolleleik</p> <p>Regelleik</p> <p>Symbol, språk og tekst.</p> <p>Dele, samhandle og samarbeide.</p>

7.3.2 Kropp, rørsle, mat og helse

Barn er kroppsleg aktive, og dei utrykkjer seg mykje gjennom kroppen. Grunnleggjande motorisk dugleik og god helse blir utvikla i barnehagealder. Gjennom kroppsleg meistring utviklar barna ei positiv sjølvoppfatning og bevisstheit om kropp og helse. Barnehagen skal legge til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede, og matkultur, mentalt og sosialt velvære og psykisk og fysisk helse. Barnehagen skal hjelpe til å innarbeide gode vanar og sunt kosthald, og få ei grunnleggande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.

1-2 år Ha erfaring med:	3-4 år Ha erfaring med:	5-6 år Ha erfaring med:

<p>Sunt og variert kosthald.</p> <p>Delta i matlaging og andre kvardagsaktivitetar</p> <p>Behov for å sove/kvile,</p> <p>Hygiene: vaske hender, bytte bleier og gå på do.</p> <p>Motoriske aktivitetar ute og inne, tilpassa alder.</p> <p>Meistringsglede</p> <p>Kroppen min: Krabbe, klatre, åle, danse, hoppe...</p> <p>Turar i variert terreng</p> <p>Klede etter vær.</p> <p>Ulike årstider</p>	<p>Sunt og variert kosthald.</p> <p>Delta i matlaging og andre kvardagsaktivitetar. Oppleve matglede og matkultur</p> <p>Behov for å sove/kvile, Hygiene: vaske hender, bytte bleier og gå på do.</p> <p>Motoriske aktivitetar ute og inne, tilpassa alder.</p> <p>-springe, klatre, hoppe, danse, sykle, teikne, male, klippe</p> <p>Meistringsglede og rørsleglede.</p> <p>Kroppen min: «Kven er eg» - jente/gut. Bevissgjering av egne og andre sine grenser.</p> <p>Turar i variert terreng</p> <p>Klede etter vær.</p> <p>Ulike årstider</p>	<p>Sunt og variert kosthald.</p> <p>Mat påverkar helsa vår</p> <p>Delta i matlaging og andre kvardagsaktivitetar. Oppleve matglede og matkultur</p> <p>Behov for å kvile, Hygiene: vaske hender, gå på do.</p> <p>Motoriske aktivitetar ute og inne, tilpassa alder.</p> <p>-springe, klatre, hoppe, danse, sykle, teikne, male, klippe, blyantgrep.</p> <p>ballspel, songleikar.</p> <p>Meistringsglede og rørsleglede.</p> <p>Kroppen min: «Kjønn» - Forskjellar og likskap på jente og gut. Bli bevisst på egne og andre sine grenser</p> <p>Turar i variert terreng</p> <p>Klede etter vær.</p> <p>Ulike årstider</p>
--	---	---

7.3.3 Kunst, kultur og kreativitet

I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjupning og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skape egne kunstneriske og kulturelle uttrykk. Barnehagen skal tilrettelegge for- og videreutvikle barna sine kreative prosessar og uttrykk. Barnehagen skal la barna møte ulike kunstneriske og kulturelle uttrykk som speglar eit mangfaldig samfunn.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Ha erfaring med:	Ha erfaring med:	Ha erfaring med:
Song, dans, rim, regler, musikk og drama. Teikning og forming.	Song, musikk, dans, drama, rim, regler. Teikning og forming	Billedkunst, kunsthåndverk, musikk, dans, drama, språk, litteratur, film, arkitektur og design.
Ulike formingsmateriell.	Ulike instrument	

<p>Vi har teikneutstyr tilgjengelig.</p> <p>Vi lagar ting til f.eks høgtider som jul og påske.</p> <p>Griper fatt i det barna interesserer seg for.</p> <p>Estetiske erfaringer</p>	<p>Ulike formingsmateriell: nabbi, kitt, måling, tekstil, papir...</p> <p>Tilgjengeleg teikneutstyr og liknande</p> <p>Estetiske erfaringar</p>	<p>Ulike instrument</p> <p>Ulike formingsmateriell og teknikker.</p> <p>Teikneutstyr o.l. tilgjengeleg</p> <p>Fellesprosjekt, skape noko i lag med andre.</p> <p>Dramatisering</p> <p>Barnekulturen: songleikar, regelleikar</p> <p>Estetiske erfaringar</p>
---	---	--

7.3.4 Natur, miljø og teknologi


Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til ei berekraftig utvikling. Barnehagen skal bidra til at barna blir glade i naturen og får erfaringar med naturen som fremjar evna til å orientere seg og vere i naturen i ulike årstider. Barnehagen skal stimulere barna til å vere nysgjerrig på naturvitskaplege fenomen, føle tilhørsle til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Ha erfaring med:	Ha erfaring med:	Ha erfaring med:
<p>Vêr og årstider.</p> <p>Å vere ute, gå på tur i nærområdet til barnehagen.</p> <p>Naturen som arena for leik og undring</p> <p>Ulike naturmaterialar; vatn, sand, jord, stein, tre...</p> <p>Samspelet i naturen – om planter og dyreliv. Så frø og dyrke grønsaker</p> <p>Bruk av foto i samband med aktivitetar</p> <p>Lærer om vær og klede.</p> <p>Tema henta frå naturen</p>	<p>Vêr og årstider.</p> <p>Å vere ute, gå på lengre turar. I skogen og nærmiljøet.</p> <p>Naturen som arena for leik, undring, utforskning og læring</p> <p>Ulike naturmaterialar og teknikkar; vatn, sand, jord, stein, tre...</p> <p>Samspelet i naturen: Om planter og dyreliv. Så frø og dyrke grønsaker</p> <p>Undre seg over endringar.</p> <p>Lære om vær og klede.</p> <p>Tema henta frå naturen</p> <p>Digitale hjelpemiddel som fotoapparat, nettbrett, pc og smartboard.</p>	<p>Vêr og årstider.</p> <p>Å vere ute, gå på lengre turar. I skogen og nærmiljøet.</p> <p>Naturen som arena for leik, undring, utforskning og læring</p> <p>Ulike naturmaterialar, teknikkar og forsøk; vatn, sand, jord, stein, tre...</p> <p>Samspelet i naturen: Om livsløpet til planter og dyr.</p> <p>Undre seg over endringar, så frø og dyrke grønsaker</p> <p>Lære om vær og klede.</p> <p>Tema henta frå naturen.</p> <p>Digitale hjelpemiddel som fotoapparat, nettbrett, pc og smartboard.</p>

7.3.5 Mengd, rom og form

Leik er drivkrafta i all læring, også i utviklinga av barna si forståing for matematiske omgrep. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og leggje til rette for at barna kan utforske og oppdage matematikk i dagleglivet, i teknologi, natur, kunst og kultur, og ved å sjølve vere kreative og skapande. Leike og undersøke med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster, tal, teljing og måling i arbeid med å finne løysingar

1-2 år Ha erfaring med:	3-4 år Ha erfaring med:	5-6 år Ha erfaring med:
Mengde gjennom bruk av konkretar. Bruke kroppen og sansane for å utvikle romforståing Form gjennom bruk av konkretar. Sortering av bl.a. leiker.	Mengde og tal gjennom bruk av konkretar, sortere og teljeregler. Bruke kroppen og sansane for å utvikle romforståing Bruke konkretar i samanlikning, sortering storleik, mengde. Form gjennom bruk av konkretar, sortere og samanlikne.	Leik og eksperimentering med tal, mengd og teljing. Bruke matematiske omgrep Mende og tal gjennom bruk av konkretar, sortere og teljeregler, brettspel, teljemateriell. Måling og volum Bruke kroppen og sansane for å utvikle romforståing Rom gjennom bruk av konkretar, stort/lite Form gjennom bruk av konkretar, sortere, samanlikne og klassifisere Problemløysing Bruke digitale verkty



7.3.6. Etikk, religion og filosofi

Noreg er i dag eit fleirkulturelt samfunn. Barnehagen skal bidra til at barna får kjennskap til grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon og blir kjende med religionar og livssyn som er representerte i barnehagen. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i

samfunnet og forståing for levesettet til andre menneske, gi rom for undring og samtalar om eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Ha erfaring med:	Ha erfaring med:	Ha erfaring med:
<p>Norsk tradisjonar;</p> <p>markere 17. mai, fastelavn, Lucia, nissefest.</p> <p>Kristne høgtider; Jul og påske</p> <p>Å vise omsyn og respekt for kvarandre.</p> <p>Samtale og undring</p> <p>Vi prøver og forebygge konflikter, løyse konflikter når dei oppstår.</p> <p>Vi undrar oss saman med borna.</p>	<p>Norske tradisjonar;</p> <p>markere 17. mai, fastelavn, nissefest, Lucia, karneval, Samefolkets dag</p> <p>Norsk kultur;</p> <p>fleirkulturelt samfunn og minoritetar. Samane.</p> <p>Samtale og undring.</p> <p>Kristne høgtider; Jul, Påske</p> <p>Samtale og undring om den.</p> <p>Bruke verktøyet «Det er mitt valg»</p> <p>Konfliktløysing</p>	<p>Norske tradisjonar; markere 17. mai, fastelavn, nissefest, Lucia, karneval, Samefolkets dag.</p> <p>Norsk kultur;</p> <p>Fleirkulturelt samfunn og minoritetar. Samane</p> <p>Samtale og undring rundt norske tradisjonar og norsk kultur. Norsk kulturhistorie.</p> <p>Kristne høgtider; Jul, Påske.</p> <p>Samtale og undring rundt kvifor vi feirar jul, påske. Kyrkjebesøk.</p> <p>Samtale, undring og refleksjon over eksistensielle, etiske og filosofiske spørsmål</p> <p>Forskjellar og likskapar.</p> <p>Bruke verktøyet «Det er mitt valg»</p> <p>Konfliktløysing</p>

7.3.7. Nærmiljø og samfunn

Barnas medverknad i kvardagslivet i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med å delta i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, kjennskap til kulturelt mangfald ulike levemåtar, forskjellige familieformer og nasjonale minoritetar.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
Ha erfaring med:	Ha erfaring med:	Ha erfaring med:
Barnehagens nærmiljø og lokalsamfunn.	Barnehagens nærmiljø og lokalsamfunn.	Barnehagens nærmiljø og lokalsamfunn.

<p>Samtale om det vi ser og hører.</p> <p>Ulike familieformer</p> <p>Medverknad i eigen kvardag</p>	<p>Lokale tradisjonar</p> <p>Få kjennskap til ulike levemåtar, familieformer, yrke– bygd og by.</p> <p>Noregs urbefolkning – samane.</p> <p>Medverknad i eigen kvardag</p>	<p>Lokale tradisjonar</p> <p>Få kjennskap til ulike levemåtar, familieformer, ulike yrke – bygd og by.</p> <p>Noregs urbefolkning – samane; samisk kultur og levesett. Nasjonale minoritetar.</p> <p>Medverknad i eigen kvardag</p> <p>Menneskerettar, barnekonvensjonen</p> <p>Samfunnet er i endring: historie, notid og framtid</p>
---	--	--

7.4 Den digitale praksisen

Bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal støtte opp om barna sine læreprosessar og bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Digitale verktøy skal brukast med omhug og ikkje dominere som arbeidsmåte. Barnehagen skal utøve digital dømmekraft og bidra til at barna utviklar ei gryande etisk forståing knytt til digitale medium.

Slik gjer vi det:

Bruk av fotoapparat, pc, nettbrett, kopimaskin, smartboard, prowise-skjerm.

Bruke internett for å finne ut ting barna er opptekne av, som supplement til andre kjelder.

Utforske kreativ og skapande bruk saman med barna. F. eks med smartboard og arbeid med foto.

Bruke Salaby, ein digital læringsarena for barnehagar.

